

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 15/4079-2

Høyringsuttale til søknad om løyve til å bygge Kvernfossen kraftverk i Hyllestad kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må setjast som konsesjonsvilkår.

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 08.05.2015.
2. Uttale frå Hyllestad kommune, formannskapet 19.06.2015.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Konsesjonssøknad for Kvernfossen kraftverk . Okt. 2010. Oppdatert 2015.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå NVE har fylkeskommunen motteke søknad frå Kvernfossen Kraft SUS om løyve til å bygge Kvernfossen kraftverk i Hyllestad. Frist for uttale er sett til 30.06.2015.

Kraftverket vil nytte eit fall på 26,5 m i Lølandselva med inntak på kote 119,5 og kraftstasjon på kote 93. Det er planlagt ca. 600 meter nedgravd rørgate mellom nordsida av elva og fylkesveg 63. Det må byggast ca. 150 meter ny veg frå fylkesvegen til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 5,9 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 9 m³/s, dvs. 153%. Installert effekt vil bli 1,9 MW og venta produksjon 9,14 GWh. Utbygginga vil bety redusert vassføring på ei 650 m lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring frå inntaket på 600 liter/sek heile året.

Hyllestad kommune rår til at det vert gitt løyve til utbygging og ber om at det vert teke omsyn til omgjevnadane og at inngrepa i terrenget vert så små som mogeleg.

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket vil bety små til moderate konflikhtar i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt løyve til utbygging.

2. Bakgrunn for saka

Samla plan for vassdrag (SP)

I samla plan er det skissert eit kraftanlegg frå Krosslona til Espelandsvatnet med tunnel og stasjon i fjell. Anlegget var planlagt utan minstevassføring. Årsproduksjon: 11 GWh. Dette prosjektet er vurdert på nytt, men er ikkje aktuelt på grunn av økonomien i prosjektet.

Fylkesdelplan for arealbruk. Regional plan med tema knytt til vasskraft.

I fylkesdelplan for arealbruk frå år 2000 er tiltaksområdet ikkje sett av til spesielle formål. Den regionale planen vart vedteken i fylkestinget i 2012. Her er det retningslinjer for ulike arealinteresser, m.a. for landskap og friluftsliv. Til arealinteressene er det gitt prioritet etter ein tredelt skala, dvs. prioritet 1-3:

1. prioritet:

Interesser av eineståande verdi. Inngrep som vil innebære bortfall eller vesentleg reduksjon i slike arealinteresser, skal unngåast. "Føre-var-prinsippet" skal leggest til grunn.

2. prioritet:

Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

3. prioritet:

Interesser av stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere at utforming av kraftverket, og avbøtande tiltak, i stort monn reduserer eventuelle konflikhtar i høve til aktuelle arealinteresser.

I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket: Fjordar og innsjøar større enn 7 km². Tiltaksområdet ligg ikkje i fjordlandskap. I delområde Høyanger-Brekke som dekker vassdrag som har utløp i Sognefjorden frå Takle/Bekkeset i vest til Ortnevik/Lånefjorden i aust, er det markert 18 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Lølandselva med Kvernfossen er ikkje mellom desse.


Vassforskrifta.

Forvaltningsplan for Sogn og Fjordane var utlagt på høyring til utgangen av mars 2015. Gjennomføring av planen skal skje i perioden 2016-2021.

3. Omtale av tiltaket

Tiltaksområdet ligg i ein typisk kystnær u-dal med slake sider mot fjelltoppane som ligg mellom 200-700 moh. I botnen av dalen ligg Lølandselva som eit hovudvassdrag med sideelvar. Elva kjem frå område lenger aust. I nedbørsfeltet ligg fleire større vatn: Nordstrandsvatnet, Sørestrandsvatnet og Bogsvatnet. Mykje av nedbørsområdet ligg nord for desse vatna, men det er også litt tilrenning frå fjella i søraust. Liene er kledde med skog, gran og lauvskog. Området er prega av menneskeleg påverknad med vegar, bruer og jordbruk.

I vassdraget er det tidlegare utbygt to kraftanlegg. Øvre Svultingen nyttar fallet frå Nordstrandsvatnet kote 240 til Bogsvatnet kote 125. Nedre Svultingen nyttar fallet frå Espelandsvatnet kote 86, 5 ned til kote 15. Lølandselva mellom Krosslona og Espelandsvatnet ligg til dels langs Fv 63. Området er prega av gjengroing som gjer elva lite synleg frå vegen. Dei nedre delane av tiltaksområdet er prega av tilgrodd beitemark. Søkjar er Kvernfossen Kraft SUS som er eit selskap eigd av fallrettseigarar.



Frå NVE Atlas. Svart med gul tekst er utbygde anlegg. Det omsøkte anlegget er vist med raud farge. Raud prikk er inntaket. Raud trekant er kraftverket.

Hovuddata for Kvernfossen kraftverk

Tilsig	
Nedbørsfelt , km ²	64,4
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	5,9
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	600
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	617
Fem-persentil* vinter, liter/sek	598
Kraftverk	
Inntak, kote	119,5
Avløp, kote	93
Brutto fallhøgde, meter	26,5
Slukeevne, maks m ³ /sek	9
Slukeevne, min m ³ /sek	2,7
Installert effekt, maks MW	1,9
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	600
Brukstid, timar	4810
Produksjon	
Årleg middel, GWh	9,14
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	33
Utbyggingspris, kr/kWh	3,61


* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Inntaket er planlagt i Krosslona der det skal støypast ein ca. 1,5 m høg og 18 meter brei terskel over elveløpet. Kraftverket vil bli køyrt etter tilsiget slik at vasstanden i Krosslona vil ligge innanfor naturleg variasjon, 0,5 meter. Flaumvasstanden i Krosslona vil ikkje bli heva som følgje av utbygginga. Effektkøyring er ikkje aktuelt. Ved sida av terskelen vert vatnet ført inn i ein 20 m lang kanal med breidde 6 m og djupne 5 m. Inntaket vil ligge under bakkenivå. Anlegget skal sikrast med gjerde og skilta i tråd med gjeldande retningslinjer. Frå inntaket skal driftsvatnet førast i nedgravde rør mellom elva og fylkesvegen, ca. 600 meter til kraftstasjonen. Kraftstasjon med grunnflate 90 m² er planlagt på nordsida av elva på kote 93, ca. 70 meter sør for fylkesvegen.

Ved inntaket skal eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen nyttast. Vidare nedover vil om lag 300 meter av rørgata ligge langs fylkesvegen. For å kunne legge siste halvdel av rørgata mot kraftstasjonen, må det byggast veg langs rørgata, breidde på 3 meter. Denne vert permanent tilkomstveg til kraftstasjonen. Krafta skal førast nordover via ein 700 m lang jordkabel til eksisterande 22 kV linje.



Inntaksområdet. Vassføring 2 m³ sek. Terskel skal byggast over elva midt i bildet.



4. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 600 liter/sek heile året. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn kraftverket si maksimale slukeevne (9 m³/sek) i 67 dagar (overløp). Nedbørsfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen (restfeltet) vil i gjennomsnitt gje ei vassføring på 273 liter/sek like oppstrøms kraftstasjonen.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon

Det er ikkje venta spesielle ulemper på grunn av kraftutbygginga.

Biologisk mangfald, jf. rapport frå Bioreg AS, sitat s. 24.

Lølandselva er eit ganske raskt strøymande vassdrag med to markerte fossar innanfor utbygningsområdet. I det aktuelle området for dette tiltaket får elva tilførsel frå eit nedbørsfelt på omlag 64,4 km² med ei årleg middelavrenning på 5900 l/s.... Tiltaket fører til vesentleg reduksjon i vassføringa mellom inntaket og kraftverket. I hovudsak er det den biologiske produksjonen i elva som vil verta skadelidande ved denne utbygginga.

Konsekvensvurdering: Det samla omfanget av tiltaket er vurdert til å vere lite negativt.

Fisk og ferskvassbiologi

Av fisk er det vanleg med bekkeare i denne del av elva. Tidlegare er det sporadisk observert ål i elva. Anadrom fisk kjem ikkje opp, ettersom Espelandsvatnet ikkje har noko naturleg utløp lenger. Alt vatnet går gjennom kraftverket, Nedre Svultingen. Verdien er sett som låg.

Landskap og INON, sitat s. 23 i søknaden:

Tiltaket er ikkje av eit slikt omfang at det vil påverke landskapet. Området ligg skjerma til i dalbotn utan innsikt. Rapporten frå Bioreg AS seier at det meste av utbygningsområdet er prega av menneskeleg aktivitet. På begge sider av elva finn ein spor etter gamle tilkomstveggar. I tillegg er det i store delar av området planta gran. Tiltaket vil såleis ikkje få konsekvensar for inngrepsfri natur. Inntaket vert utforma slik at mest mogleg vert liggande

under bakkenivå. Vassføringsreduksjonen som følgje av kraftutbygginga vil få små negative verknader landskapsmessig, ettersom det er planlagt ei monaleg minstevassføring.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 23 i søknaden:

Langs elva finn ein grunnmurar etter gamle kvernhus, mellom anna på begge sider av Kvernhusfossen. Desse vert ikkje berørt av tiltaket. SEFRAK - registeret syner ingen funn innanfor tiltaksområdet. Ein kjenner elles ikkje til at det er noko kulturminne som kjem i konflikt med utbygginga.

Brukarinteresser , sitat s. 23 i søknaden:

Området er lite brukt til friluftsliv og ferdsel. Fiske i elva er ikkje av nemnande karakter ettersom det er ein middels bestand av småaure i elva. I tillegg er mesteparten av elva tilgrodd, noko som gjer fiske langs elva lite interessant. I området er det mykje hjort og jakta vert utført av grunneigarane som eig fallrettane. Utbygginga vil ikkje få noko konsekvens for vilt og jakt i området.

Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til om lag 33 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,61 kr/kWh, som er under middels pris.

Sumverknad/samla belastning

Er ikkje vurdert av søkjar.

Avbøtande tiltak

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 600 liter/sek heile året, tilsvarande alminneleg lågvassføring og 5-persentil vinter.

5. Kva andre meiner om tiltaket

Hyllestad kommune, formannskapet sak 37/15, 19.06.2015.

Hyllestad kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Kvernfossen kraftverk SUS som omsøkt. Hyllestad kommune er innstilt på å gje dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, og kjem attende til dette når detaljane er på plass i byggesak. Ein vil be om at utbyggar tek omsyn til omgjevnadane under utbygging og at inngrepa i terrenget vert så små som mogeleg.

6. Fylkesrådmannen si vurdering

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på ca. 9 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er ca. 33 mill.kr, der 1 mill. kr. er sett av til forsterking av eksisterande linjenett i området. Utbyggingsprisen er berekna til 3,61 kr/kWh, som er litt under middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av dam og inntak, nedgravd rørgate og kraftstasjon samt redusert vassføring i Lølandselva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Tiltaksområdet ligg skjermat til i dalbotnen utan særleg innsikt. Planlagde anlegg er moderate i storleik, og vil ikkje påverke landskapet i særleg grad. Vassføringsreduksjonen som følgje av kraftutbygginga vil få moderate negative verknader landskapsmessig, ettersom det er planlagt ei monaleg minstevassføring. Området er lite brukt til friluftsliv og ferdsel.

Kulturminne frå nyare tid

Lølandsela ligg i dalbotnen og går i stor grad parallelt med Rv 63. Elva er i dag delvis skjerna mot vegen av eit vegetasjonsbelte. Den planlagde røyrleidningen skal etter planen gravast ned mellom vegen og elva. Elva vert dermed langt meir eksponert i forhold til dei som ferdast etter vegen. Innanfor utbyggingsområdet, er det fleire markerte fossar og stryk. Langs elva finst det spor og eldre strukturar etter tidlegare aktivitet i området. Utover omsynet til kulturlandskapselement som tufter etter kvernhus og veganlegg, er tiltaket i stor grad knytt til inngrepa i elva, ved bygging av inntaksdam og reduksjon av vassføringa store delar av året. Elvar, fossar og stryk utgjør ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet og opplevingsverdien av landskapet, både for tilreisande og fastbuande. Det vert i den samanheng viktig å nytte avbøtande tiltak for at elva som landskapselement ikkje vert foringa.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst moglege synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. § 9 undersøking må gjennomførast. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til etterfølgjande sakshandsaming, ev. utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må setjast som konsesjonsvilkår.

Samla vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket vil bety små til moderate konflikhtar i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt løyve til utbygging.

7. Konklusjon

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkesrådmannen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må setjast som konsesjonsvilkår.